

**Dersom du kan føra slekta di tilbake til veginspektør Iver Moss ( 1746 – 1827 ) og kona hans Elisabeth Margrethe Olrich ( 1754 – 1839 ), busett i Ølve, ja då har du mykje godt lesestoff i jula. Det føreligg nemleg eit omfattande slektsgranskararbeid i to bind, skrive og utgjeve av Dag Bertelsen. Etterkomarane deira er spreidde over det meste av landet, også til ulike land i Europa og til andre verdsdelar.**



Kjell Taranger er omtala i boka.

Det er med stor interesse vi les at Kjell Taranger og hans familie frå Uskedalen er av Mosseslekta i 6. generasjon

Tipp- tipp – tippoldebarnet Kjell Taranger er omtala i fleire deler av bokverket. Mellom anna fortel han om ei sjøreise på finnmarkskysten i 1962 som matros på MS STRAUM. På turen vitjar han broren Egil som bur i Vadsø og onkel sin Iver B. Moss, kjemikar på Voldnes Sildoljefabrikk.

I slektsdelen les vi at Kjell Edvardsen Taranger, fødd 1943 i Kvinnherad, vaks opp i Bergen, budde ei tid i Odda, deretter i Bergen att før han flyttar til Uskedalen.

Vi les vidare at Kjell er gift med Tove Bjørg Korssund, fødd 1941 – døydd 2010, og at dei har fire born, ei jente og tre gutar.

Det kjem klart fram at Kjell har vore ein viktig informant til bokskrivaren med sine kunnskapar og gode minne.

Bokverket kan kjøpast direkte frå Dag Bertelsen, e-post: [dag.bertelsen@sintef.no](mailto:dag.bertelsen@sintef.no)

Om nokon ynskjer lån, er det berre å kontakta Kristian på mobil 915 31 487

Tekst: Kristian O. Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland